



**Det vekte stor oppsikt i dei sentrale strok i ettermiddag då ein gjeng relativt lettkledd karar, ei kvinne og to hestar slo leir innunder Grano.**

**Dei hadde med seg telt, tente bål og varma opp gløgg i ei gryte.**

**Og så var det slett ikkje ein høflegheitsvisitt frå det nordlege Canada, men eit nytt prov på at kreativiteten ikkje kjenner grenser her i bygda.**

Leiren var eit innslag i eit privat rebusløp arrangert av Aktivitetshusets Damevenner og vi har grunn til å tru at ein av dei mest kreative i den flokken, Anita Ænes, har ein betydeleg finger med i spelet.

Rebusløpet skal utfalda seg i timane som kjem og heiter visstnok 59 grader nord.

Flokken på biletet over hadde berre fanga 3 ryper då uskedalen.no sjekka jaktutbyttet, men det blir nok større utbytte etter kvart.

Dei som sit frå venstre er Mai-Britt Soldal, Albert Nybakk, Odd Steinar Arnesen, Arvid Hjelmeland, Knut Johannes Ripel og Oddmund Soldal.

Hestane under heiter Heidi og Schessa og er ein sjetlandspanni og ein islandshest.,

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)

